

MøtereferatDato: 07.06.2017
Arkivsak: 2017/4876-1
Saksbehandlar: benutne**Referat frå møte - Rv 13 i Ullensvang**

Emne:	Rv 13 i Ullensvang – trafikkavvikling i sommar	
Til stades:	Frå Statens vegvesen: Carl-Erik Nielsen, Terje Vidar Hoel, Kari Veseth Kinden Frå Hardangerrådet: Jon Larsgard Frå Ullensvang herad: Solfrid Borge Frå Kvam herad: Jostein Ljones Frå Hordaland fylkeskommune: John Martin Jacobsen, Bente Utne (referent)	
Møtetid:	01.06.2017 kl. 9-10	Møtestad: Kvam rådhus, Norheimsund

Bakgrunn for møtet

I fylkesutvalet sitt møte den 3. mai 2017 er følgjande protokollert:

Benthe Bondhus (Sp) bad om følgjande:

«RV 13. Prøveordning med lysregulering?

Fylkesutvalet ber om eit straks-møte mellom Statens vegvesen, samferdselsavdelinga (HFK) og Hardangerrådet for å prøva å finna ei god løysing av trafikkavviklinga (juli-august) på RV 13 på strekninga Kyrkjenes og Bjotveit m.m.»

Ettersom spørsmålet gjeld riksveg er dette i utgangspunktet utafor Hordaland fylkeskommune sitt ansvarsområde. Samferdselsavdelinga sin rolle i denne samanhengen vart definert til å ta initiativ til møtet, og utarbeiding av referat. Via Hardangerrådet vart møtet fastsett til Kvam rådhus den 1. juni kl. 9.00 til 10.00, i samheng med andre møte i Kvam rådhus.

Solfrid Borge (ordfører i Ullensvang herad) orienterte om utfordringane på Rv 13 mellom Kinsarvik og Ringøy, og spesielt prekært er det på strekninga Kyrkjeneset – Berget. Det var ille i fjor sommar, og ein ventar det same i år. Alt før turistsesongen er det i periodar køar med fleire timars ventetid. Køane fører til at besøkjande snur, og sannsynlegvis har dette ein avvisingseffekt for fleire. Ein buss var nyleg nær ved å skli utfor vegen, og ordføraren meiner det fort kan skje alvorlege ulykker.

Turistnæringa og heradet har fleire gonger bedt om at det blir montert signalanlegg for å regulera trafikken. Statens vegvesen har gitt uttrykk for at lysregulering vil forverra situasjonen. Partane var

i møtet samde om at manuell trafikkdirigering vil vera eit betre tiltak og at dette bør prøvast ut. Solfrid Borge bad om at dette kjem på plass så snart som mogeleg.

Statens vegvesen orienterte om utfordringane for strekninga. Hovudproblemet er at vegen er for smal. Det er mange parti som er smalare enn 5 meter, og då kan ikkje to større køyretøy eller bubilar passera kvarandre. Med stor sommartrafikk¹ i tillegg til stengingane ved Deildo, fører dette i periodar til lange køar i begge retningar. Frå 20. mai er Deildo open mellom 12.45 og 23.45. Dette er sjølvsagt positivt, utan at det på langt nær løyser problema.

Statens vegvesen vil vurdere om ein kan bruka eksisterande avtalar for trafikkdirigering, for å komme raskt i gang med ei prøveordning over 2 veker. Ei evaluering av desse to vekene vil avgjere om ein skal gå vidare med manuell trafikkdirigering i juli og august.

Når det gjeld finansiering har Statens vegvesen i utgangspunktet ikkje budsjett til dette. Likevel ser ein behovet, og dei vil prøva om det er mogeleg å få til eit spleiselag. Andre aktuelle bidragsytarar er Ullensvang herad og turistnæringa.

Statens vegvesen orienterte om at Rv 13 på nemnde strekning er meldt inn til NTP-prosessen, herunder at det ligg føre godkjent reguleringsplan for Kinsarvik – Kyrkjenes. I oktober 2017 vil vegdirektoratet sende handlingsprogram for RTP på høyring til fylkeskommunane.

Konklusjon

Regulering av trafikken med signalanlegg synest å vera ei dårleg løysing til denne flaskehalsen så lenge det pågår vegarbeid på Deildo. Derimot ønskjer partane at manuell trafikkdirigering vert prøvd ut, i første omgang for ein periode på to veker i juni. Ei evaluering av erfaringane for desse to vekene vil avgjere om ein skal gå vidare med manuell trafikkdirigering i juli og august.

Statens vegvesen vurderar om ein kan bruka eksisterande avtalar for trafikkdirigering, eller korleis ein kan få på plass eit opplegg for sommaren snarast råd. Eventuell vidareføring av ei slik ordning som Ullensvang herad ønskjer over fleire år må avklarast med politiet.

Ullensvang herad vurderer medfinansiering, og tar kontakt med reiselivsnæringa.

Toalettforholda på Bu ved Hardangerbrua

Solfrid Borge tok også opp dei akutte toalettforholda på Bu. To av tre toalett har vore stengde i lengre tid, det tredje er under einkvar kritikk når det gjeld reinhald. Det er opptil 10.000 besøkjande i veka, og fasilitetane er såleis svært underdimensjonert til dagens trafikk. Det er også tekniske utfordringar for toalettløysingane.

Reiselivsnæringa og fylkeskommunen arbeider med strategi for å løyse opp i utfordringane som auka trafikk gir i heile fylket. Når det gjeld anlegget på Bu er det på kort sikt behov for samarbeid mellom vegvesenet, heradet og reiselivet for å finne strakstiltak. Ullensvang herad vil saman med Eidfjord kommune søkja å finne løysingar for å auke frekvens på reinhald.

Statens vegvesen arbeider for å halde drifta i gang på anlegget, samt melde behovet for oppgradering og utviding av anlegget gjennom løyving i kommande budsjettperiode.

¹ ÅDT 2016 var 1100, SDT 2500 (juli 2016)